



Paul Are Ljosnes, her på heimebane på Flatholm i Uskedalen, vann historieskytinga på Midthølen Skytesenter i helga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var uskedelingen Paul Are Ljosnes som vann historieskytinga då Omvikdalen skyttarlag markerte sine første 100 år i helga. Han fekk 142, det same som Trygve Øvstebø på andrelassen og Magne Wollheim junior på tredjelassen. Dagfinn Mehl vann open klasse og tok også førstelassen i samanlagt.

Andre uskedelingar plasserte seg slik i denne skytinga: 9. Johannes Feet 133 10. Per Fausk 128 13. Håvard S. Eik 121 14. Tore Fausk 118 20. Ann Kristin Fausk 92.

Her er dei andre plasseringane til uskedelingane:

I meisterskap, open klasse vart Paul Are Ljosnes tredjemann med 112 medan Tore Fausk vart nummer 11 med 87.

Paul Are var også tredjemann i tevlinga om samanlagtpremien med 254 medan Tore Fausk her vart nummer ni med 205.

Jegerklassa vart vunne av Torgeir Feet foran Johannes Feet og Per Fausk. Dei tre hadde 96, 94 og 93. Håvard S. Eik kom her på 10.-plassen med 78 og Ann Kristin Fausk vart nummer 11 – også med 78.

I veteran og ungdom var Håvard S. Eik andremann med 147 medan Martin Fausk var femtemann med 130 og Lars Fausk åttandemann med 127. Eirik Fausk var her nummer 11 med 108.